



Skeivhodno saman med eigaren Johannes Hauge på Skorpo.

**Etter at uskedalen.no hadde saka om at kua Skeivhodno på Skorpo var send til slakteriet, har nyheten om den eldste kua i landet sin bortgang spreidd seg som eld i tørt gras. I går hadde til dømes Per Vidar Raunholm eit 4 minuttar langt intervju med eigaren Johannes Hauge på NRK Hordaland. De kan høyra intervjuet og lese kva NRK skriv på nettsida ved [å klikka her](#). I tillegg har kua sin død vore omtala i store og mindre aviser over heile landet.**

Det er langt frå berre lokalavisene våre som skriv om hendinga. Saka har vore omtala i alt frå store riksaviser til distriktsaviser frå Kristiansand i sør (Fædrelandsvennen) til Alta i nord (Altaposten). Riksdekkande aviser som Dagbladet, Nationen og Klassekampen har alle dekkja bortgangen til den nær 21 år gamle kua. Vi kan lesa om det både på nett og papir. Bortgangen har heller ikkje gått upåakta hen i TV2-Nyhetene.

Statistikken til uskedalen.no viser også at saka vår er svært mykje lesen. Sjølv om det no er ei veke sidan den vart lagt ut, har den hatt eit høgt lesartal også siste døgnet, særleg i går kveld. Det kjem av at mange har linka seg inn etter at dei har lese om saka på nrk.no og dagbladet.no. Tidlegare i veka har lesartala gått meir i bølger med toppar når saka har vorte delt på facebook. Kor i landet alle desse lesarane kjem frå, kan vi ikkje sjå.

Som eksempel på dekkinga, kan de [klikka inn på dagbladet.no](#). Mange har nytta NTB sin artikkel, og den presentasjonen finn de døme på ved å [klikka inn på Romsdal Budstikke](#).

Skeivhodno vart kjendis medan ho levde, og den omfattande omtalen av hennar død understrekar kjendisstatusen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Kvinnheringen/Elisabeth Berg Hass